



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Planutvalg	13.05.2013	039/13
Kommunestyre	30.05.2013	

Endeleg vedtak i: Kommunestyre	Arkivsaknr.: 13/458	Saksansvarleg: Janne Midtbø
-----------------------------------	------------------------	--------------------------------

Uttale til konsesjonssøknad Høgelida kraft as på Bryggja

Rådmannen si innstilling

Med atterhald om at den samla belastinga for Bryggjaområdet ikkje vert for høg tilrår Vågsøy kommune at NVE gir løyve til konsesjon for Høgelida kraftverk as etter at det er teke omsyn til tilleggsutgreiingar. Løyve til konsesjonen bør vere på vilkår som vist i saksutgreiinga.

13.05.2013 Planutvalg

Møtebehandling:

Repr. Kristin Maurstad stilte spørsmål ved egen habilitet i saken da hennes svigerfar er en av grunneierne. Repr. Maurstad fratrådte mens Planutvalget behandlet habilitetsspørsmålet. Planutvalget vedtok enstemmig at repr. Kristin Maurstad var inhabil. Planutvalget behandlet deretter saken.

Det fremkom ingen merknader som foranlediget endringsforslag.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

PU-039/13

Vedtak:

Med atterhald om at den samla belastinga for Bryggjaområdet ikkje vert for høg tilrår Vågsøy kommune at NVE gir løyve til konsesjon for Høgelida kraftverk as etter at det er teke omsyn til tilleggsutgreiingar. Løyve til konsesjonen bør vere på vilkår som vist i saksutgreiinga.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

[LOV-2000-11-24-82 Lov om vassdrag og grunnvann \(vannressursloven\).](#)

[Konsesjonssøknad Høgelida kraft as på nettsidene til NVE](#), Konsesjonssøknaden er ikkje vedlagt saka

[Saksgang for konsesjonssøknader](#)

[Kommuneplan for Vågsøy, arealdel](#)

Bakgrunn for saka

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er konsesjonsstyresmakt i saker som gjeld utbygging av småkraftverk (inntil 10 MW) og andre vassdragstiltak. NVE kan gje løyve etter vassressurslova § 8.

NVE har sendt søknad om konsesjon for Høgelida kraft as på høyring til kommunar, fylkesmenn, fylkeskommunar, statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar. Høyringsfristen er 25. mai 2013.

Rådmannen fremjar sak om uttale frå Vågsøy kommune. Uttale frå utval for plansaker vert sendt innan uttalefristen. Vedtaket frå kommunestyret den 30. mai vert ettersendt.

Saksopplysningar / fakta

Vidare sakshandsaming i NVE

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring. Denne er planlagt i juni 2013. Dei som har uttalt seg i samband med høringa, blir inviterte til å delta på synfaringa.

I konsesjonsvurderinga veg NVE fordelar og ulemper mot kvarandre, jf. vassressurslova § 25. Olje- og energidepartementet har som overordna politisk styresmakt gitt retningslinjer for handsaming av små vasskraftverk. Desse er å finne på NVE sin nettstad: nve.no.

Dersom NVE gir løyve, blir det knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkår vil omfatte mellom anna vasslepp, naturforvaltning, kulturminne, frist for bygging og sanksjonar ved eventuelle brot på vilkåra.

Det er rett til motsegn og klage jamfør vassressurslova § 24. Partane kan klage til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå mottak av orientering om vedtak. Klagen skal handsamast i tråd med forvaltningslova.

Kort om innhaldet i søknaden

Høgelida kraftverk vil nytte eit fall på 205 m frå inntaket på kote 340 i Movatnet ned til kraftstasjonen på kote 135. Tilløpsrøyrret vert 1600 m langt, og er planlagt nedgravd langs sørsida av Movasselva. Traktorvegen må forlengast med 4-500 m for tilkomst til inntaket.


Middelvassføringa er 480 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukevne på 750 l/s.

Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,3 MW, med ein estimert årsproduksjon på 5,40 GWh.

Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1600 m lang elvestrekning i Movasselva. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 90 l/s heile året. Det er òg søkt om å regulere Movatnet mellom LRV på kote 339,7 og HRV på kote 340,3.

Plassering om omsøkt tiltak

Sjå søknad om konsesjon.




Det er planlagt rørgate langs Movasselve og ei forlenging av traktorvegen opp til Movatnet. Frå kraftstasjonen skal det leggjast kabel fram til eksisterande 22 kV-linje på Nave.

Utbyggingstettleik

I Bryggjaområdet er Vassdalselva og Totlandselva utbygd med småkraftverk. Det er og gitt konsesjon til utbygging av Maurstadelva. Talet på elvar som ikkje er utbygde er vesentleg redusert.

Kommuneplan



Området er i kommuneplanen i all hovudsak avsett til Inf-område. (Landbruk-, natur- og friluftsområde) 3 områder er avsett til hyttebygging. Både kraftstasjon, veg og dei to massetaka må det søkast om dispensasjon for. Områda er ikkje avmerkte på oversiktskartet til konsesjonssøknaden.

Vurdering / konsekvensar

I Bryggjaområdet er fleire elvar utbygd og det er gitt konsesjon til utbygging i ei elv som enno ikkje er utbygd. Ved handsaming av nye konsesjonssøknader bør totalbelastinga på området tilleggast vekt ved vurdering av konsesjonssøknader.

Av søknaden kjem det fram at det er få negative verknader utover noko tap av inngrepsfri natur og dårlegare tilhøve for fossefall. Det er lagt vekt på å utforme dam og inntak slik at det vert mogleg å halde vasstanden på tilnærma same nivå under yngleperioden for storlom. Storlom er ein raudlista og sårbar art og er registrert hekkande på ein holme i Movatnet.

I søknaden er omsynet til kulturminne dårleg dokumentert. Det bør gå fram kva alder bygg og seteranlegg har. Anleggstraseen/kabeltraseen går tett inntil eit eldre seterhusmiljø og verknaden bør gå fram av søknaden. På oversiktskartet er bygga teke ut av kartet slik at det ikkje går fram i kva grad det er nærføring. Av kartet kan det sjå ut som at traseen er inn på område avsett til hytter i kommuneplanen. Ved utløpet av Movatnet er det ei bru. Brukara er murt og alder går ikkje fram av søknaden. Kulturverdien av denne brua er ikkje omtalt, men det er tilrådd å utvide brua ved å fjerne eit brukar.

Omfanget av massetaka er ikkje skildra i søknaden,

Behov for tilleggsutgreiing:

1. Vurdering av samla verknader for Bryggjaområdet ved utbygging av ei ny elv
2. Kulturmiljø og moglege anlegg med bevaringsverdi må leggjast til grunn for vurdering av konsesjon og krav til vilkår

Viktige vilkår for konsesjon:

1. Anleggstraseen/kabeltraseen må ta omsyn til elva og det vassdragsnære vegetasjonsbeltet. Tiltak bør ikkje gjerast nærare enn 15-30 meter
2. Anleggstraseen/kabeltraseen må ta omsyn til støls/hytteområder
3. Tilplanting og tilsåing av anleggstraseen/kabeltraseen må ikkje skje med framandte plantemateriale
4. Minstevassføring som tilsvarar alminneleg lågvassføring i elva
5. Brukara til Movassbrua bør haldast intakt
6. Predatorsikre hekkedasser for fossefall bør etablerast i tråd med tilråding gitt i rapport frå Bioreg AS 2009:14
7. Tiltaksperioden bør leggjast utanom hekketida for storlom då denne hekkar nær inntaksområdet og kan verta uroa av den aktiviteten som slikt arbeid medfører